

## Referat frå Elevråd 19.12.24

Til stades: Sarah og Marcus 8A, Victor og Malin 8B, Håkon og Roald 9A, Emely og Lina 9B, Ane og Theo 10A, Emilie og Noah 10B, Ingeborg og Grete

Elevrådsmøte i dag var eit frokostmøte saman med leiinga på Lye ungdomsskule.

### Sak 1. Økonomi

Ingeborg informerte om økonomien i kommunen og kva betydning det har for oss som skule. LUS har klart å halda budsjettet i fht andre skular. Skulen har eit ønskje om å få det litt kosligare i Mediateket og har vore heldige å fått gratis stoler og bord frå Aker BP.

### Sak 2. Hærverk

Me opplever ein del herværk for tida. Dette skjer både på skulen og på fritida. Klassane som har ryddeveka kjem nå til å ha ansvar for utvendig rydding, samt reinhald av blant anna vinduaga om dei er blitt tilgrisa. Det kom opp spørsmål om skulen kunna setja opp kamera, men grunna GDPR (personvern) har me ikkje lov til å ha kamera oppe på skulen. Det er synd om dette fortsette, fordi me då kan oppleva at bygda får eit dårleg rykte og oppleva Lye som eit utrygt bustad miljø. Etter mykje hærverk har skulen hatt dialog med ungdomsteam og politiet.

### Sak 3. Nasjonale prøvar (NP), Klassetrivsel og elevundersøkinga

Dette viser nasjonale prøvar i fht landsgjennomsnittet:

- I lesing låg 8. trinn ligg under med 2 skalapoeng og 9. trinn på landsgjennomsnittet. For å få god kompetanse i faga, ser me at det er viktig å ha fokus på lesing, og då i alle fag. Dette vil de som elevar merka etter kvart.
- I rekning låg 8. trinn over med 2 skalapoeng og 9. trinn over med 1. skalapoeng
- I engelsk er det berre 8. trinn som blir målt. Her låg dei under med 2 skalapoeng

Klassetrivsel er eit nyttig verktøy for lærarane for å sjekka ut korleis elevane trivst. Om det er noko som kjem opp set skulen inn tiltak.

Skulen har fokus på elevmedverknad og vurdering. Lærarane skal sørgja for at de som elevar er med blant anna i fht vurdering.

I fht elevundersøkinga får me svar på den i midten av januar.

#### **Sak 4. Saker frå klassane**

Det kom opp eit ønskje frå Markus 8A om meir tur, med både eit fagleg og sosialt fokus. Me drøfta hyppigheita og omfang av turar med forslag om anna kvar månad, alt i frå nokre timar til heil dag. Ingeborg nemnde det med temadag, kor ein knytter tema opp mot ulike fag. Temadagar opnar og opp for å jobba meir tverrfagleg.

Ingeborg informerte om at det vil bli ein oppgradering om ca eit år i fht uteområdet og etter kvart auditoriet.

#### **Sak 5. Vinterball**

Me har fått ein foreløpig dato av FAU som er satt til fredag 31. januar. Me kjem til å etterspør eit møte med FAU. Me drøfta ulike kåringar og var eininge om at det bør vera kåringar på alle trinn. 10A har allereie utarbeida ulike kåringar som dei ønskjer å ha. Her er forslaga frå 10A; «chip» to stk, diva, sportsidiot, gullunge, player, wife og husbond, jentemagnet og guttemagnet, Knoll og Tott, skjønnanste, søskenpar, arbeidskar, konge og dronning (10. trinn), kronprins og kronprinsesse (9. trinn), prins og prinsesse (8. trinn)

Det kan vera lurt å utarbeida nokre kriterier som td kan ein vinna fleire gonger ol.

Kva tenkjer elevane om ha med mobil på vinterballet?

Elevrådsrepresentantane får i oppdrag å ta opp i klassane kva kåringar dei ønskjer i klassemiljøtimen måndag 6. januar og om dei skal ha høve til å bruka mobilen under vinterballet.

#### ***Referent***

Grete Reppe Håland  
Elevrådskontakt  
Lye ungdomsskule